



Roger Haugland og Ragnhild Oterholm
Stekkevikvegen 39
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/340 - 14/16797

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
04.11.2014

Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett. Oppføring av garasje på Vikebø, gbnr 45/126.

Tiltakshavar: Roger Haugland og Ragnhild Oterholm
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

Administrativt vedtak. Saknr: 310/2014

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad motteke 03.01.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av garasje på Vikebø, gbnr 45/126. Garasjen er opplyst til å vera 49,9m² og skal plasserast 1 meter frå nabogrensa mot gbnr. 45/131.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanenens arealdel som uregulert område og er avsett til byggjeområde for bustader, men med krav til reguleringsplan, noko som inneber at utbygging ikkje kan skje før det ligg føre ein reguleringsplan. Det omsøkte tiltaket ligg i tillegg i eit område der det er eit generelt forbod mot byggjetiltak nærare sjø og vassdrag enn 50 meter. Omsøkt garasje vert plassert om lag 38 m frå strandlina. Tiltaket er difor avhengig av dispensasjon.

Utval for drift og utvikling har i møte 03.06.2014 sak 54/2014, gitt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel frå krav om reguleringsplan og dispensasjon frå forbod mot tiltak i 50-metersbeltet mot sjø. Vedtaket vart sendt Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal- /samfunnsplanavdeling og Hordaland fylkeskommune – Regionalavdeling for klagevurdering. Kommunen har ikkje moteke klage på dispensasjonsvedtaket.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i perioden 19.-20.11.2013. Tiltakshavar har motteke fellesmerknader frå eigarane av gbnr 45/25 og 45/131. Merknadane går i hovudsak på plassering av garasjen med omsyn til nabogrense og eventuell konflikt med vass- og avlaupsleidningar frå gbnr 45/131.

Tiltakshavar har i skriv motteke 27.01.2014 kommentert innkomne merknader .

«Garasjens grunnflate er på 49,9m2 og kommer 1m fra grense 45/131, noe som har blitt akseptert fra nabo. Når det gjelder merknader ang. vann/avløpsledning fra 45/131 skal ikke garasjen komme i konflikt siden vi har tatt hensyn til det.»

Administrasjonen legg difor til grunn at nabomerknadane er imøtekomne.

Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart stempla motteken 03.01.2014. Avstand til nabogrense er oppgjeve til 1 meter, jf skriv frå tiltakshavar motteke 27.01.2014.

Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Vedtak

"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av garasje på på gbnr 45/126 på Vikebø i samsvar med søknad motteke 03.01.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 03.01.2014.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søker – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart 45-126
Teikningar 45-126

Kopi til:

Paul Vikebø	Stekkevikvegen 33	5917	ROSSLAND
Knut Arne og Helga Marie Lilleskare	Stekkevikvegen 37	5917	ROSSLAND

Mottakere:

Roger Haugland og Ragnhild Oterholm	Stekkevikvegen 39	5917	ROSSLAND
-------------------------------------	-------------------	------	----------